

Fylkeseldrerådet i Hordaland  
Agnes Mowinckelsgt 5  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Bergen 11.12.2017

Fylkestinget i Hordaland  
v/ fylkesordfører  
Agnes Mowinckelsgt 5  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## **FØRESLÅTT NEDLEGGING AV BÅTRUTE TIL VEGLAUSE BYGDER I OSTERØY, VAKSDAL OG LINDÅS**

Fylkeseldrerådet er blitt merksam på at det i budsjettframlegget som Fylkestinget skal handsama i møtet den 12.12.2017 er føreslått å leggja ned båtruta til ein del veglause grender i Osterøy, Vaksdal og Lindås kommunar. (Budsjettheftet side 69).

Fylkeseldrerådet ber Fylkestinget om å ikkje leggja ned dette rutetilbodet.

Slik Fylkeseldrerådet ser det, vil ei eventuell nedlegging ikkje berre ramma innbyggjarar i yrkesaktiv alder. Der dei yngre kan gå til ein veg fleire kilometer unna og der setja seg i bilen eller på ein buss, er ikkje dette ei løysing for alle. Eldre innbyggjarar, som kan ha vorte mindre førlege, og som derfor ikkje kan gå lange strekningar, vil vera avhengige av kollektiv transport for å kunna utføra naudsynte ærend utanfor bygda, som til dømes legebek. For dei er båtruta den kollektive transportløysinga dei treng og som dei har hatt i fleire år.

Fylkeseldrerådet vonar difor at Fylkestinget vel å oppretthalda rutetilbodet som no.

Med venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes (sign.)  
Leiar